



Arkivsaknr: 2024/1289-22
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Forskrift om meldeplikt på hogst over 4 dekar i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtar Forskrift om meldeplikt for hogst over 4 dekar i Alver kommune med heimel i skogbrukslova § 11. Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Etter Lov om skogbruk (Skogbrukslova) § 11 kan kommunen innføre meldeplikt før hogst gjennom lokal forskrift. Formålet med forskrifta er å bidra til ei berekraftig forvaltning av skog i tråd med skogbrukslova ved at skogbruksstyremakta til kommunen får melding før hogst blir utført.

Meldeplikta inneber at all hogst på 4 dekar eller meir, som høyrer inn under forskrifta § 2, skal meldast til kommunen seinast 3 veker før hogsten skal setjast i verk. Meldinga skal vera skriftleg med kartfesta areal der hogst er planlagt og gi opplysningar om foryngingsmåte og art som skal nyttast til forynging.

For meir informasjon om saksopplysningar knytt til bakgrunn for forskrifta, vert det vist til saksframlegget i samband med at forskrifta vart lagt ut på høyring.

Sakshistorikk

Utval for areal, plan og miljø vedtok i møte 5. juni, sak 2024/1289 å legge forskrift om meldeplikt for hogst over 2 dekar i Alver kommune på høyring i 6 veker frå 8.6.24 til 20.7.24.

To partar bad om utvida høyringsfrist til 12. og 16.august og dette vart innvilga.

Behov

Alver kommune har store utfordringar knytt til manglande forynging, stor dødelegheit av plantar, ikkje-reell omlegging til beite og hogst av for ung skog. Samla gjer dette ei negativ utvikling for skogbruket i Alver der tap av produktivt skogareal er aukande.

Forskrift om meldeplikt før hogst i Alver kommune vil gjere det mogleg å rådgje grunneigar i forkant av hogsten om moglegheiter, tilskot, metodar for forynging og korleis planlegge hogsten med tanke på ønska foryngingsmetode. Det vil også være mogleg å forutsjå andre komplikasjonar slik som nærleik til drikkevatn m.m.

Meldeplikta vil også gjere det mogleg i visse tilfelle å synfare område der det er planlagt hogst for å avgjere om det kan vere førekomst av viktige naturtypar i området. Det er såleis ikkje ein hindring for hogst, men meir ein føre-var tilnærming for å unngå tap av viktige naturverdiar.

I dei aller fleste tilfelle vil det ikkje bli funne naturverdiar som er til hinder for hogst, og ofte vil det være tilstrekkeleg at kommunen gjer ei vurdering ut i frå satellittbilete for å sjå om det er potensial for trua naturtypar i området. Det vil derfor raskt bli meldt tilbake med godkjenning av hogst.

Vurderingsgrunnlag

- Lov om skogbruk (Skogbrukslova) LOV-2021-05-07-34
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfaldslova) LOV-2022-06-17-64

Høyring

Forskrifta har lagt ute til offentleg ettersyn på kommunen si heimeside og i annonse i avisa i tillegg til utsendte høyringsbrev.

Høyringsbrevet vart og sendt til Statsforvaltaren i Vestland, Naturvernforbundet, Landbruksfagrådet i Alver, Nordhordland skogeigarlag, AT skog, Nortømmer og Fjordtømmer.

Det vart sendt inn totalt 7 høyringsinnspel. Innspel kom frå Statsforvaltaren i Vestland, Naturvernforbundet, medlem i Alversund og Seim bondelag, Fjordtømmer, Nordhordland skogeigarlag, Svein Valaker og Norskog/Nortømmer. Tre av høyringsinnspela var positive til forskrifta, medan dei 4 andre var negative (sjå vedlegg for oppsummering av innspel).

Vurdering av høyringsuttalar

Dei positive argumenta peiker på at moglegheita for rettleiing på førehand av ein hogst kan vere svært fordelaktig både med tanke på forynging, omlegging til beite og hogst av for ung skog. Det kan også gje mindre tap av utvalde og sårbare naturtypar når ein har moglegheit for å undersøke området på førehand.

Dei negative argumenta påpeiker at det kan bli problematisk med meldeplikt på grunn av ei mogleg ventetid på 3 veker når entreprenør har begynt ein hogst og naboar ønskjer å få hogd naboeigedomen. Statsforvaltaren synar til ei løysing der all potensiell hogst i eit område blir meldt inn uavhengig av eigedomsgrenser, og hos naboar som driftsteknisk burde vore med, men som ikkje har bestemt seg endå.

Det vert og vist til meir arbeid for skogeigar og entreprenør. Tømmerkjøpar må innarbeide rutinar for innmelding i skogfondssystemet. Statsforvaltaren vil hjelpe kommunen/tømmerkjøpar med naudsynnte tilpassingar av systemet. Naturvernforbundet påpeiker at skognæringa allereie har eit meldesystem mellom skogeigar og tømmerkjøpar der dei må sende eit skjema til sertifikatholdar som syner hogstområdet og miljøvurderingar. Naturvernforbundet meiner det hadde vore enkelt å også sende dette til kommunen.

Eit anna negativt argument er størrelsen på hogsten der høyringspartar ønskjer større minstearealet før meldeplikta gjeld. Statsforvaltaren er samd i dette og foreslår å auke minstearealet til 4 dekar. I medhald med høyringsinnspel er minstearealet for meldeplikt ved hogst auka frå 2 dekar til 4 dekar i forskrifta etter høyring. Kommunen meiner dette er ein mindre endring av forskrifta som ikkje gjer grunnlag for ny høyring.

Det vert peika på at Alver har nye skogbruksplanar og dermed kontroll på miljøverdiane i skogen. Miljøregistrering i skog (MIS-registrering), som er metoden som blir nytta ved utforming av skogbruksplanar, fangar berre opp utvalde livsmiljø som er viktige levestadar for raudlista artar og ikkje naturtypar (sjå tabell 1). MIS registreringar vil derfor ikkje fange opp førekomst av for eksempel regnskog, noko som og blir poengtert i Statsforvaltaren sin uttale.

Tabell 1. Oversikt over livsmiljø ved MIS-registrering.

Livsmiljønavn
1. Stående død ved
2. Liggende død ved
3. Rikbarkstrær
4. Trær med hengelav
5. Eldre lauvsuksesjon
6. Gamle trær
7. Hule lauvtrær
8. Brannflater
9. Rik bakkevegetasjon
10. Bergvegg
11. Leirravine
12. Bekkekløft

Vidare negative innspel påpeiker at meldeplikt vil gje auka arbeid for kommunen og trong for fleire ressursar for å handtere hogstmeldingane, og at entreprenørar allereie har den kunnskapen det er trong for ved rettleiing til grunneigar.

Hogstmeldingar vil truleg gje auka arbeidsmengde for skogbruksansvarleg i kommunen. I kva omfang er uklart. Kommunen må ta ein vurdering etter ein tid for å sjå om forskrifta skal vidareførast eller opphevast.

Vurdering av framlegg til forskrift etter høyring

Statsforvaltaren foreslår at kommunen aukar minstearealet for hogstmelding til 4 dekar med tanke på eigenhogst. Ei auking av minsteareal blir også foreslått av Nordhordland skogeigarlag. I medhald med høyringsinnspel vert minstearealet for meldeplikt ved hogst auka frå 2 dekar til 4 dekar i forskrifta. Kommunen meiner dette er ein mindre endring av forskrifta som ikkje gjer grunnlag for ny høyring.

Norskog/Nortømmer ber om at kommunen etter ein tid tar ein vurdering for å vurdere om forskrifta skal vidareførast eller opphevast. Dette ser kommunen seg einig i.

Tabell 2: endringar i Forskrifta etter høyring er markert i raudt i venstre kolonne:

Forskrift etter høyring	Forskrift før høyring
§ 1. Formål Formålet med forskrifta er å bidra til berekraftig forvaltning av skog i tråd med skogbrukslova i Alver kommune ved at kommunen sin skogbruksmynde mottek melding før hogst blir utført på område større enn 4 dekar (daa). Dette gjeld det	§ 1. Formål Formålet med forskrifta er å bidra til berekraftig forvaltning av skog i tråd med skogbrukslova i Alver kommune ved at kommunen sin skogbruksmynde mottek melding før hogst blir utført på område større enn 2 dekar (daa). Kommunen

totale samanhengande hogstområdet, ikkje einskilde eigedomar. Kommunen	
§ 2. Verkeområde, definisjon Denne forskrifta omfattar all produktiv barskog ved hogst på over 4 daa i LNF-områder i	§ 2. Verkeområde, definisjon Denne forskrifta omfattar all produktiv barskog ved hogst på over 2 daa i LNF-områder i
§ 3. Meldeplikt All hogst på 4 dekar eller meir, som høyrer inn under forskrifta § 2	§ 3. Meldeplikt All hogst på 2 dekar eller meir, som høyrer inn under forskrifta § 2

Konsekvens av forskrifta

Ein innføring av forskrift for meldeplikt før hogst vil innebere noko meir jobb for entreprenør/skogeigar då dei må varsle kommunen minst 3 veker før hogst og dei må vente med å hogge til dei har fått godkjenning frå kommune, eller til 3 veker er gått. Det er forventa at entreprenør kan hjelpe med innmelding og kartfesting av hogst til kommunen. Som foreslått av Statsforvaltaren vil det då vere lurt å melde inn alt areal som er driftsmessig lurt å avdrive samstundes, uavhengig av om det ligg føre avtale om hogst av heile arealet for å unngå problema med ventetid om ein naboeigedom vil «slenge seg på».

I nokre tilfelle vil meldeplikta innebere behov for naturtypekartlegging. Dette vil i all hovudsak omfatte område med furuskog som berre utgjør 3,5% av hogsten i kommunen. I disse tilfella kan det innebere både auka kostnad og tid for skogeigar då ein biolog eller anna fagperson med kompetanse må leigast inn for å kartlegge området. Statsforvaltaren foreslår eit spleiselag for økonomisk støtte.

Ved melding i forkant av hogst kan kommunen nå grunneigar før hogst og planting har begynt og rådgjve utifrå grunneigar sitt ønske. På denne måten kan grunneigar potensielt unngå store meirkostnader ved å måtte plante på nytt på grunn av snutebiller, måtte bruke store kostnader på rydding av hogstavfall der det er ønskja innmarksbeite, få pålegg om tvangsplanting der dette ikkje har blitt gjennomført, samt informere om tilskotsordningar for ulike tiltak.

Om det ikkje vert innført forskrift om meldeplikt før hogst, er det ein stor risiko for at nedgangen i produktivt skogareal vil fortsette og at areal med utvalde naturtypar vert hogd utan at nokon er klar over det. Ei innføring av forskrift om meldeplikt før hogst kan hindre avskoging av kommunen, samstundes som den kan hindre forringing av viktige naturtypar og miljøverdiar.

Alternativet er å ikkje innføre meldeplikt og at skogbruket held fram slik det er i dag. Det vil då ikkje være mogleg å komme med rettleiing på førehand om ikkje skogeigar/entreprenør tar kontakt med kommunen. Det vil derfor ikkje være mogleg å rettleie om foryngingsmetode eller driftsmetoder som kan leggje til rette for omlegging til beite, hogst i for ung skog, planteval eller synfaring av området før hogst med tanke på utvalde naturtypar. Det vil då vere opp til næringa å gje rettleiing. Kommunens verktøy i denne situasjonen vil vere auka kontrollverksemd når planteplikta trer inn og eventuelt pålegg om

tvangsplanting/mulkt. Auka kontrollverksemd vil også gje meir arbeid for kommunen og kommunen ser det som fordelaktig å heller nå skogeigar på ein positiv måte med råd i forkant i forhold til kva skogeigar ønskjer, heller enn å komme i etterkant med tvangsplanting og økonomiske sanksjonar.

Kommunedirektøren si tilråding

Det er argument for og imot innføring av forskrift om meldeplikt ved hogst over 4 dekar. Ei innføring av meldeplikt vil medføre auka arbeid for næringa og kommunen, men målet om å betre utfordringane med forynging, ikkje-reell omlegging til beite, hogst av for ung skog, stor dødelegheit av unge plantar og risiko for hogst av sårbare naturtypar må vegast opp mot dette. Ei moglegheit til rettleiing på førehand av hogsten meiner kommunen vil vere eit større positivt verkemiddel for skogeigar heller enn sanksjonar i etterkant.

Kommunedirektøren meiner fordelane for skogbruket i kommunen er høgare enn ulempene ved innføring av meldeplikt og tilrår at forskrifta blir vedtatt slik den er lagt fram.